



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 30.05.2017
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Odd Harald Sundal	Medlem	SP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hild Våge	Odd Harald Sundal	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Kjell Magne Rindal	Eigedomssjef
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service, OS 89/17
Lars Fjærvold	Teknisk sektor, OS 93/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 89/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 90/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 91/17	TV-aksjonen 2017 - oppretting av kommunekomité
PS 92/17	Politisk organisering - Reglement for Tenesteval for helse- og omsorg (THO) og Tenesteval for barn og kultur (TOK)
PS 94/17	Krav om norske løns- og arbeidsvilkår i norske farvatn
PS 93/17	Orienteringssaker
OS 88/17	Avslutning av tilsyn med kommunal beredskapsplikt
OS 89/17	Informasjon om kulturminneplan
OS 90/17	Volda-tunell
OS 91/17	Campus kultursal
OS 92/17	Volda fjordhotell
OS 93/17	Volda fiskerihamn

PS 89/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innleiingsvis i møtet vart det halde to orienteringar:

Flytting av bustadmodular Engesetvegen

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte om status for flytting av bustadmodulane i Engesetvegen. Eigedomssjefen viste til tidlegare vedtak, og informerte om at det er løyvd midlar til flytting av modulane, men ikkje oppbygging. Dette medfører auka kostnader. Formannskapet gav si tilslutning til å ferdigstille arbeidet med modulane, inklusive skulemodulane.

Sølvi Dimmen møtte kl. 12.10.



VOLDA KOMMUNE

Sunnmøre kulturnæringshage

Leiar i Sunnmøre kulturnæringshage Martin Foldal orienterte om Sunnmøre kulturnæringshage og planar kring ny kunnskapspark.

Innkalling

Ettersendt dokument 29.05:

Krav om norske løns- og arbeidsvilkår i norske farvatn.

Ettersendt dokument møtedagen, vedlegg til sak OS 91/17:

Langseth og Blindheim. *Kultursal og kinosal i Volda. Samarbeidsprosjekt mellom HVO/Statsbygg og Volda kommune*, datert 30.05.2017.

Sakliste

Ordføreren kom med framlegg om å sette følgjande sak på saklista:

- Krav om norske løns- og arbeidsvilkår i norske farvatn.

Anders Egil Straume bad om at kommunen sett forum mellom næringslivet og kommunane på dagsorden.

Rådmannen bad om at Volda fiskerihamn vert sett på saklista som drøftingssak.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføreren og rådmannen, vart samrøystes godkjent.

PS 90/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Møteprotokollen frå sist møte den 16.05.2017 vart samrøystes godkjent.

PS 91/17 TV-aksjonen 2017 - oppretting av kommunekomité

Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap vel..... til komitéleiar.

Handsaming:

Ordføreren kom med slikt framlegg:

Fride Sortehaug

Røysting (ni røysteføre):



VOLDA KOMMUNE

Tilrådinga frå administrasjonen, med framlegget frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 30.05.2017:

Volda formannskap vel Fride Sortehaug til komitéleiar.

PS 92/17 Politisk organisering - Reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) og Tenesteutval for barn og kultur (TOK)

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) og Tenesteutval for barn og kultur (TOK) slik det ligg føre som vedlegg nr. 1 til denne saka.

Handsaming:

Formannskapet var samde om at saka bør handsamast i driftsstyret før handsaming i kommunestyret.

Ordføraren kom med slik endring og tillegg til tilrådinga frå administrasjonen:

Kommunestyret vedtek reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO), tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) og forvaltningsutvalet slik det ligg føre som vedlegg nr. 1 i denne saka.

Det skal vere minst 4 kommunestyremedlemer i utvala THO og TOK.

Røysting (ni røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 30.05.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO), tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) og forvaltningsutvalet slik det ligg føre som vedlegg nr. 1 i denne saka.

Det skal vere minst 4 kommunestyremedlemer i utvala THO og TOK.



PS 94/17 Krav om norske løns- og arbeidsvilkår i norske farvatn

Ordføreren fremja følgjande fråsegn:

Krav om norske løns- og arbeidsvilkår i norske farvatn.

Volda kommune har vorte oppmoda om å støtte sjømannsorganisasjonane si oppmoding til regjeringa om å utgreie om det er mogleg å stille krav om norske løns- og arbeidsvilkår for tilsette på skip i norske farvatn.

Havet er fellesnemnaren for dei viktigaste næringane i Noreg, og vi er langt framme i global samanheng når det gjeld maritime næringar; frå fiske til petroleum.

Desse næringane bidreg i vesentleg grad til norsk økonomi. Potensialet for framtidig verdiskaping er stort.

Ein av dei viktigaste grunnane til at norske maritime næringar er verdslaiande, er at den stadig har vorte og vert tilført både ny og erfaringsbasert kompetanse frå norske sjøfolk. Utan norske sjøfolk forsvinn denne kompetansen ut av landet.

Sjøfolka og næringane dei er knytt til skapar ringverknader i kommunane, ikkje berre i form av arbeidsplassar, men også i form av skatteinntekter og grunnlag for forsyningsindustri.

Norske sjøfolk er viktig også for dei maritime klyngene langs kysten.

Lenge har utflagging vore ein vesentlig del både i nasjonal og internasjonal skipsfart.

Billigast mogleg mannskap har vore ein vesentlig drivkraft i dette.

Dette breier no om seg med stor tyngde også innan den delen av næringa som har sin hoveddel av virksomheita i Noreg. Norske sjøfolk på alle nivå har mist, eller misser arbeidet og rekrutteringa til yrket har vorte skadelidande.

Rundt 30 000 norsk arbeidsplasser om bord på fartøy i norske farvatn vert utfordra av denne utviklinga. Fleire av disse er busatt også i Volda kommune.

I norsk arbeidsliv er det enno eit krav om at norske lønns- og arbeidsvilkår skal gjelde. Dette prinsippet vert no utfordra på mange områder og kanskje særlig innan skipsfartsnæringa. Dette prinsippet skulle og skal hindre sosial dumping.

Eit regjeringsoppnemnt utvalg (Fartsområdeutvalget) anbefalte regjeringa å utgreie moglegheita for å krevje norske lønns- og arbeidsvilkår i norske farvatn. Dette har så langt ikkje vorte fulgt opp av regjeringa.

Krav om norske lønns- og arbeidsvilkår i norske farvatn kan gje mange positive sider:

- Alle om bord vert sikra norsk lønn og vert verna av norske lover.
- Konkurransen om arbeid om bord vert på like vilkår, der det er kompetansen som avgjer, og ikkje kor langt ned i lønn ein er villig til å gå.
- Vi opprettheld norske arbeidsplasser.
- Vi sørgjer for at vi i mange tiår framover kan forsyne maritim industri med oppdatert, erfaringsbasert maritim kompetanse.
- Det vil ikkje lenger lønne seg å flagge ut skip til skatteparadis.

Ei utgreiing er meint å skulle avklare om det er mogleg å krevje at sjøfolk skal kunne jobbe på norsk sokkel med norsk løn, innanfor dei internasjonale forpliktingane Noreg fylgjer.



VOLDA KOMMUNE

Sjømansorganisasjonane ber difor Volda kommune om å støtte initiativet ved å be regjeringa sette i gong eit arbeid med å utgreie moglegheita for å stille krav om norske løns- og arbeidsvilkår for tilsette på skip i norske farvatn.

Hild Våge orienterte som saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Volda støttar vedlagt initiativ frå sjømansorganisasjonane.

Røysting:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 30.05.2017

Formannskapet i Volda støttar vedlagt initiativ frå sjømansorganisasjonane.

PS 93/17 Orienteringssaker

OS 88/17 Avslutning av tilsyn med kommunal beredskapsplikt

OS 89/17 Informasjon om kulturminneplan

Sektorsjef for kultur og service Inger-Johanne Johnsen, orienterte om status for arbeidet med kulturminneplanen.

OS 90/17 Volda-tunell

Ordføraren orienterte om saka.

OS 91/17 Campus kultursal

Ettersendt dokument møtedagen: Langseth og Blindheim. *Kultursal og kinosal i Volda. Samarbeidsprosjekt mellom HVO/Statsbygg og Volda kommune, datert 30.05.2017.*

Ordføraren orienterte om saka.

OS 92/17 Volda fjordhotell

Ordføraren orienterte om saka.



VOLDA KOMMUNE

OS 93/17 Volda fiskerihamn

Sakshandsamar Lars Fjærvold orienterte om status for saka. Formannskapet gav fullmakt til administrasjonen til å arbeide vidare med saka.

Møtet slutt kl. 15.00

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
31.05.2017

Sonja Håvik
konsulent